



## KOMMUNEREFORMEN - GJENNOMFØRING AV RÅDGJEVANDE FOLKEAVRØYSTING

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
234	2014/120	Janne Thorsland Elvenes	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
	Valstyre	
	Kommunestyret	

### Bakgrunn:

Kommunestyret gjorde i møte 26.03.2015, sak 15/7, slikt vedtak:

*Åseral kommune vil delta i utgreiingsfase 3 i kommuneprojekt Midtre Agder.*

*Kommunestyret ynskjer ei grundig utgreiing på nullalternativet. Arbeidet skal vere gjennomført innan utgangen av mai.*

*Kommunestyret ynskjer at det vert førebudd ei rådgjevande folkeavstemning i samband med kommunevalet til hausten.*

Kommunal- og moderniseringsdepartementet svarer fylgjande på vår henvending vedk. gjennomføring av rådgjevande folkeavrøysting:

*Avvikling av lokale rådgjevande folkerøystingar er innarbeidd praksis, sjølv om slike folkerøystingar ikkje er lovregulerte. For å synleggjere at dette er mogleg, er det etablert ein prinsippregel for lokale folkerøystingar i kommunelova § 39 b. Lovheimelen er generell for at han ikkje skal oppfattast som avgrensande for kommunane.*

*Vallova har ikkje reglar som regulerer gjennomføringa av lokale folkerøystingar.*

*Valstyresmaktene i den enkelte kommunen er sjølv ansvarlege for gjennomføringa. Det kan vere naturleg å ta utgangspunkt i reglane i vallova og la dei gjelde så langt dei passar.*

*Kommunestyret må sjølv fastsetje regelverket for ei folkerøysting etter kommunelova § 39 b, mellom anna reglar for kven som har røysterett, og høvet til å klage. Det er naturleg å leggje til grunn prinsippa vallovgivinga er basert på, både nasjonalt og internasjonalt.*

*Venziakommisjonen vedtok i mars 2007 "Code of good practice for referendums". Dei er baserte på internasjonale prinsipp for valgjennomføring, og gjeld ved val på både nasjonalt og lokalt nivå. Det inneber mellom anna at kommunen bør sikre at prinsippet for allmenn røysterett og hemmeleg røystegiving blir etterlevd også ved folkerøystingar, slik kravet er ved ordinære politiske val.*

*Lokale folkerøystingar kan haldast samstundes med ordinære val. Røystinga i vallokalet må i så fall organiserast slik at det ikkje er fare for at veljarane tek feil av kva for eit val dei røystar ved. Ein måte å sikre dette på vil vere å nytte eigne røysteavlukke og valurner til folkerøystinga.*

*Det er etter kommunelova § 39 b rapporteringsplikt for kommunane som gjennomfører lokale folkerøystingar. Statistisk sentralbyrå står for innsamlinga av data. Det skjer i samband med den årlege KOSTRA-rapporteringa som har svarfrist i februar året etter at røystinga vart halden.*

### **Vurdering:**

Vallova er eit naturleg utgangspunkt for utarbeiding av eit lokalt regelverk for gjennomføring av ei rådgjevande folkeavrøysting så langt denne passer.

### Røysterett (§ 2-2):

Alle som har røysterett ved stortingsval (18 år valåret) og i tillegg ikkje-norske statsborgarar som oppfyller dei andre krava, dersom dei:

- har stått innførte i folkeregisteret som busette i Noreg dei tre siste åra før valdagen
- eller er statsborgar i eit anna nordisk land og er blitt folkeregisterførte som busette i Noreg seinast 30. juni valåret.

### Manntal/valkort (§ 2-3 og 2-6):

Ein tek utgangspunkt i manntalet som blir brukt til ordinært val.

Folkeregisteret pr. 30.06. valåret er grunnlaget for manntalet. Ein føreslår eige avkryssingsmanntal til folkeavrøystinga.

Det blir sendt ut valkort til røysteføre i kommunen i samband med ordinært val.

Ein føreslår at det ikkje blir sendt ut valkort i samband med folkeavrøystinga.

### Førehandrøysting (10.08. – 11.09. 2015) (§ 8-1):

- Servicekontoret, kl. 08:00 – 15:00 og søndag 30. august kl. 13:00 – 16:00
- Åseralsheimen, open dag 8. september kl. 10:00 – 13:00
- Ambulerande røysting for sjuke og uføre (etter avtale)

Det skal vere to røystemottakarar tilstades ved mottak av førehandrøyster.

Unntaket frå vallova (og ordinær førehandrøysting) er at det ikkje vil vere mogleg å gje røyst frå annan kommune. Dette må presiserast i kunngjeringar/annonsar slik at veljaren er klar over at dette og må oppsøke lokalt røystelokale for denne røystegjevinga.

Ein føreslår at det ikkje vil vere mogleg å avgje røyst i tidlegrøystperioden, 01.07.-09.08.15.

#### Røystesetelar:

1. Null alternativ (Åseral)
2. Midtre Agder (Åseral, Marnardal, Hægebostad og Audnedal)
3. Prosjekt Indre Agder (Åseral, Evje- og Hornnes og Bygland)
4. Blank røystesetel

På lik line med ordinært val bør det vere mogleg å røyste blankt. Røystesetelen skal innehalde stemplingsfelt, setel utan stempel vert forkasta. Valnemnda får fullmakt til å gjera naudsynte endringar i innhald.

#### Vallokale:

Organisering i røystelokalet skal vere slik at veljaren ikkje på nokon måte kan forveksla folkeavrøysting med kommunestyrevalet. Ein føreslår eige valurne og eige valavlukke vert nytta til folkeavrøystinga.

#### Protokoll (§10-7):

Røystestyra skal føre protokoll for gjennomføring av folkeavrøystinga, valstyret skal føre protokoll for planlegging og gjennomføring.

#### Klagerett (§13-2):

Røysteføre har klagerett i forhold til førebuing og gjennomføring av eit val. Gjeld klagen spørsmål om røysterett eller om rett til å røyste, har òg den som ikkje er manntalsført, klagerett. Klagereglar vert gjort gjeldande også for folkeavrøystinga.

#### Valstyre og røystestyre (§ 4-1):

Valstyret (kommunalutvalet) har ansvar for gjennomføring av folkeavrøystinga.

## **Framlegg til tilråding:**

1. *Rådgjevande folkeavrøysting vert halden måndag 14. september 2015 i valkrinsane Kyrkjebygd, Kylland og Lognavatn. Opningstider, kl. 11:00 – 19:00.*
2. *Ein tek utgangspunkt i reglar i vallova og let desse gjelde så langt desse høver.*
3. *Veljarar som har røysterett til kommunestyre- og fylkestingsval har røysterett til rådgjevande folkeavrøysting. Ein tek utgangspunkt i manntal som vert nytta til ordinært val.*
4. *Det blir ikkje sendt ut egne valkort i samband med folkeavrøystinga.*
5. *Det blir ført eige avkryssingsmanntal for folkeavrøystinga. Det blir nytta eige valurne og eige valavlukke.*
6. *Røystesetelar:*
  - a. *Null alternativ (Åseral)*
  - b. *Midtre Agder (Åseral, Marnardal, Hægebostad og Audnedal)*
  - c. *Prosjekt Indre Agder (Åseral, Evje- og Hornnes og Bygland)*
  - d. *Blank røystesetel*
  - e. *Valnemnda får fullmakt til å gjera naudsynte endringar i innhald.*
7. *Førehandrøysting for rådgjevande folkeavrøysting vil føregå på same tid og stad som til ordinært val. Det vil ikkje vere mogleg å førehandrøyste i folkeavrøystinga frå ein annan stad/kommune i Noreg. Det vil heller ikkje vere mogleg å røyste i tidlegrøystperioden.*
8. *Røystesetel utan stempel blir forkasta.*
9. *Rådgjevande folkeavrøysting vert ført i eige møtebok.*
10. *Valstyret (i samråd med administrasjonen) får fullmakt til gjennomføring av rådgjevande folkeavrøysting, her under: kunngjering, trykking av røystesetelar, naudsynt tilrettelegging i vallokale, opplæring av røystemottakarar samt røystestyrrer.*